

SAK 06/25 DELTAKING I KOMMUNENETTVERKET FOR KLIMAOMSTILLING**Saksopplysning:**

Kommunenettverket for klimaomstilling, har deltaking av 18 kommunar i Buskerud, Akershus og Innlandet. Nettverket har som mål å styrke klimaarbeidet til medlemskommunane. No har Hallingdal fått invitasjon til å delta i nettverket, og me trur deltaking her vil være gunstig både for oppnå måla i klimaplanen for Hallingdal, men også for å få til ei betre prosjektgjennomføring på sirkulærøkonomiprojektet som Hallingdal er med i.

I denne saka skal Regionrådet ta stilling til om Hallingdal skal delta i kommunenettverket for klimaomstilling.

Vurdering:

Hallingdal har ein ambisiøs klimaplan som har fokus på å redusere klimagassutslepp og omstille regionen til eit lågutslippssamfunn. For å oppnå desse måla er det avgjørande å samarbeide, og dra nytte av felles ressursar og kompetanse. Me trur at samarbeid med andre kommunar, også utanfor dalen kan vera ein god moglegheit for Hallingdal til å styrke sitt klimaarbeid.

Gjennom samarbeid med andre kommunar i eit etablert nettverk, kan Hallingdal dra nytte av allereie utprøvde løysningar og ta del i konkrete prosjekt. Dette kan bidra til å akselerere gjennomføringa av våre eigne klimatiltak og sikre at dei både virkar og er kostnadseffektive.

Nettverket vil gi Hallingdal tilgang til naudsynt kompetanse, ressursar og støtte som er avgjerande for å starte og gjennomføre effektive klimatiltak. Dette vil sikre at Hallingdal raskt kan sette i gong med konkrete tiltak for å redusere klimagassutslepp og omstille seg til eit lågutsleppssamfunn, i tråd med måla i klimaplanen.

Bærekraft Hallingdal tilrår at Hallingdal blir med i «Kommunenettverket for klimaomstilling» i eit år og at ordninga blir evaluert før ein tek stilling til kva ein gjer vidare. Kostnaden for deltaking er på kr 65 000. Dette kan finansierast frå klima og energifondet i Regionrådet og vil vere heilt i tråd med korleis desse fondmidla er tenkt brukt. Pr i dag står kr 435 000 på fondet.

Forslag til vedtak:

1. Regionrådet vedtek at Hallingdal blir med i «Kommunenettverket for klimaomstilling» i eit år.
2. Kontingenten skal dekkast frå klima og energifondet.

Hallingdal, 21. januar 2025

Jan Olav Helling
Dagleg leiar